



Notat

Dato: 05.05.2015
Arkivsak: 2015/3601-30
Saksbehandlar: eliwik

Til: Opplærings- og helseutvalet
Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Tillegg til sak "Justering av tilbodsstrukturen" skuleåret 2015/16

Fylkesrådmannen viser til sak om justering av tilbodsstrukturen, skuleåret 2015/16.

Etter at saka var skriven, har ein fått avklåra talet på **kvalifiserte** søkjarar til innføringsklassane ved Voss vidaregåande skule og Øystese gymnas. Ved Voss vidaregåande skule er det 3 søkjarar, alle med ungdomsrett. Budsjettert elevtal i denne klassen er 12. Ved Øystese gymnas er det berre 2 søkjarar, av desse 1 med ungdomsrett. Budsjettert elevtal i denne klassen er 12.

Innføringsklassane er eit tilbod til søkjarar med svake norskkunnskapar og der elevane etter eitt år skal få eit betre grunnlag for å kunne klare eit ordinært Vg1-kurs i den vidaregåande skulen. Tilbodet er ikkje lovpålagt, men dei aller fleste med svake norskkunnskapar vel å gjennomføre dette kurset før dei startar opp i Vg1. Tilbodet er heller ikkje meint å vere eit generelt tilbod om norskopplæring for alle aldersgrupper. Begge skulane ovanfor har hatt innføringsklassar tidlegare, men ikkje som eit stabilt tilbod over tid. Ingen av skulane har tilbodet i inneverande skuleår.

Rektorane ved Voss vidaregåande skule og Øystese gymnas er samde med fylkesrådmannen i at talet på søkjarar for skuleåret 2015/16 er for lågt til å kunne oppretthalde tilbodet. Grunna vidare planlegging ønskjer dei ei snarleg formell avklåring på at tilbodet blir lagt ned for komande skuleår.

På bakgrunn av dette tilrår fylkesrådmannen følgjande tillegg til innstillinga om nedlegging av utdanningsprogram/programområde i sak PS 37/2015:

- Voss vidaregåande skule: Innføringsklasse for minoritetsspråklege søkjarar
- Øystese gymnas: Innføringsklasse for minoritetsspråklege søkjarar